

# **Plattform for samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal**

## **Innhald**

Innleiing.....	2
1. Kommunenamn .....	2
2. Mål for den nye kommunen .....	2
3. Tenestetilbodet .....	2
4. Digital kommune.....	2
5. Kommunesenter og administrasjonsstad .....	2
7. Politisk organisering .....	6
8. Interkommunalt samarbeid .....	6
9. Arbeidsgjeverpolitikk .....	6
10. Fellesnemnd .....	6

## **Innleiing**

Kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal vert slegne saman til ein kommune.

Dette dokumentet gjev rammene for arbeidet som fellesnemnda skal gjere.

Dokumentet skal godkjennast i kommunestyra i Balestrand, Leikanger og Sogndal.

### **1. Kommunenamn**

Den nye kommunen tek namnet Sogndal.

### **2. Mål for den nye kommunen**

Vi skal saman skape gode tenester, livskvalitet og vekst i heile kommunen. Den nye kommunen er regionsenter for Sogn.

### **3. Tenestetilbodet**

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester..Den skal ha brukarnære, daglege og stadbundne tenester der innbyggjarane bur. Dette gjeld mellom anna helse- og omsorgstenester, barnehage, skule og kulturskule.

Lokalisering av desse tenestene, vert ikkje endra som følgje av ei samanslåing av dei tre kommunane.

Nokre kommunale tenester er ikkje stadbundne. Dei kan lokaliserast friare i heile kommunen. Ikkje stadbundne tenester skal fordelast til eksisterande kommunesentra.

### **4. Digital kommune**

Prinsipp for IKT-satsing i kommunen:

- Kommunen skal vere ein heildigital kommune, der innbyggjarar, tilsette og næringsliv har eit reelt digitalt fyrsteval uavhengig av plattform.
- Kommunen skal til ei kvar tid arbeide med å forbetre den digitale infrastrukturen, arbeidsprosessar og tenestene i tråd med nasjonale føringar og anbefalingar.
- Organisasjonen skal nytte nasjonale og kommunale felleskomponentar der dette er tenleg for kommunen, innbyggjarane og næringslivet.
- Kommunen sitt arbeid med IKT system, byggjer på metodikk for beste praksis.
- I arbeidet ser kommunen menneske, teknologi og organisasjon i samanheng.
- Organisasjonen skal sikre omfang og kvalitet av heilt naudsynte og brukarvenlege velferdstenester, her under også framtidssretta velferdsteknologi.
- Husstandar, næringsliv og offentlege einingar skal alle ha tilgang til høghastigkeit internett.

### **5. Kommunesenter og administrasjonsstad**

Kommunesenteret skal vere motor for utviklinga både for kommunen og regionen.

Sogndal har hatt sterkt vekst i folketallet dei seinare åra, og har prognosar for fortsatt

vekst i folketalet. Kommunesenteret vert lagt til regionsenteret Sogndal. Sogndal skal vere eit attraktivt senter i den nye kommunen og fremje livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Vekstsenteret skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile den nye kommunen og regionen.

- Senteret skal utformast slik at det er attraktivt å vere, bu og drive næring i Sogndal.
- Senteret skal ha eit mangfold av tenester, arbeidsplassar og fritids- og kulturtildel som også er tilpassa omlandet.
- Senteret skal vere attraktivt for handel og ha ei handelsverksemd dimensjonert til å vere eit tyngdepunkt i fylket.
- Sogndal skal vere knutepunkt for handel, næring og utdanning i den nye kommunen.

Leikanger vert administrasjonsstad i kommunen. Politisk og administrativ leiing dvs. ordførar, rådmann og kommunalsjefar vert lokalisert her.

Balestrand skal satsast på som lokalsenter i den vestlege delen av kommunen. Fellesnemnda skal sikre at tal arbeidsplassar i kommunehuset i Balestrand vert oppretthaldne minst på dagens nivå.

## **6. Samfunns- og næringsutvikling**

Kommunen skal vere ein motor for vekst og utvikling i regionen. Kommunen skal vere ein pådrivar for eit aktivt samarbeid med dei andre kommunane i Sogn innan utviklingsarbeid og tenesteproduksjon.

Hovudprioriteringar for den nye kommunen skal vere:

### **6.1 Samferdsle**

Den nye kommunen er langstrakt og vil ha utfordringar knytt til intern kommunikasjon. Vi skal arbeide for at reisetida mellom eksisterande kommunesenter vert maksimalt 45 minutt, og for regionforstørring gjennom god kommunikasjon. For å lukkast i bygginga av ein ny kommune, må den sikre seg større gjennomslagskraft i samferdslespørsmål.

- Kommunen skal arbeide for å etablere bru over fv. 55 Esefjorden
  - Kommunen skal arbeide for utbetring av rv 55 Hella – Leikanger, og gang- og sykkelveg mellom Leikanger og Sogndal.
  - Kommunen skal arbeide for eit styrka kollektivtrutetilbod. Her er ferjetilbod, hangar og rutetilbod på Sogndal Lufthamn Haukåsen, utviding av sommarsesongen med Sognebåten og gjennomgåande og effektivt busspendlarruter, dei viktigaste prioriteringane.
- På lengre sikt, vil vi arbeide for bru mellom Dragsvik og Hella.

### **6.2 Offentlege arbeidsplassar**

Særleg Leikanger og Sogndal har over lang tid etablert sterke fagmiljø innan offentleg forvaltning og utdanning. Kommunen skal vere ein naturleg lokaliseringsstad for nye offentlege arbeidsplassar, og arbeide for å legge til rette for at dei etablerte verksemndene har rammer for å omstille seg og kunne ta på seg nye oppgåver.

- Kommunen skal føre ein aktiv vertskommunepolitikk mot dei offentlege verksemndene.
- Kommunen skal i samråd med dei etablerte verksemndene utarbeide ein strategi for utvikling av det offentlege fagmiljøet.
- Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for å sikre kompetansedeling og innovasjon på tvers av dei offentlege fagmiljøa og det private næringslivet i regionen.

### **6.3 Vidaregåande skule og høgare utdanning**

Kommunen er vertskap for to vidaregåande skular og Campus for Høgskulen på Vestlandet:

Vi vil:

- Skape eit sterkt samla kompetansemiljø innanfor utdanning i kommunen.
- Behalde posisjonen som eit sentralt senter for utdanning og forsking i Sogn og Fjordane.
- Legge til rette for tverrfagleg samarbeid mellom grunnskular, vidaregåande skular og høgskulemiljøet i kommunen.

### **6.4 Natur, miljø og klima**

Kommunen har store fortrinn med den flotte naturen. Balestrand er eit internasjonalt anerkjent turistmål. Sogndal har etablert seg som eit viktig destinasjonsmål for aktivitetsbasert reiseliv. Innbyggjarane i kommunen tek aktivt i bruk naturen til rekreasjonsføremål. Kommunen skal forvalte naturen med omhug. Miljø og klimaomsyn skal vere ei gjennomgåande satsing i alle delar av kommunal verksemd.

- Jobbe aktivt med ny næringsutvikling innan den grøne økonomien.
- Vere framsyntemed å bruke fornybar energi til å dekke lokale energibehov.

### **6.5 Næringsutvikling**

Kommunen har høg næringsvariasjon og skal drive eit offensivt næringsarbeid. Næringsarbeidet skal bygge på dei lokale og regionale fortrinna kommunen har. Kommunen skal vidareutvikle satsinga på reiseliv i Balestrand, Fjærland og Sogndalsdalen, på innovasjon og grundermiljøa på Campus, på industrimiljøet på

Kaupanger, utdannings- og handelssenteret Sogndal og på kompetansemiljøa i Leikanger.

- Vere ein sterk utviklingsaktør som byggjer på dei aktiva området har.
- Prioritere plankapasitet, areal og tilrettelegging for tomter til næring i heile kommunen.
- Etablere kompetansestove i Balestrand for nyetableringar og felles kontorarbeidsplassar for pendlarar.
- Utnytte dei styrke fagmiljøa innan kommunal forvaltning og tenesteyting til å styrke samfunnsutvikling/-planlegging og næringsliv gjennom kompetansedeling, offentleg-privat samarbeid og innovasjon.
- Satse på landbruk og næringsmiddelindustri.

## **6.6 Bustad- og tettstadsutvikling**

Kommunen får stor utstrekning og fleire ulike tettstader og bygder. Den skal legge vekt på å vidareutvikle dei urbane kvalitetane som Sogndal har. Samtidig skal den ha som mål å syte for levande lokalsamfunn med gode oppvekstområde over heile kommunen.

- Det skal vere tilgang til tenlege bustadar/tomter i heile kommunen.
- Kommunen skal ha som mål å syte for tilgjengelege utleigebustadar i sentrumsområda.
- Ein skal føre ein ekspansiv bustadpolitikk i dei sentrumsnære områda
- Ein skal lage ein forpliktande plan i første periode for å styrke og utvikle grenlene i kommunen

## **6.7 Kultur-, fritids- og aktivitetstilbod**

Kommunen vil ha eit stort mangfold av frivillige lag og organisasjonar. Det vil vere eit viktig mål å vidareføre det gode samspelet mellom frivillig arbeid, kommunen og næringslivet. Kommunen skal vidareutvikle samarbeidet som er ein viktig bærebjelke for å sikre at lokalsamfunna vert attraktive stader å leve gode liv også i framtida.

- Kommunen skal ha gode fasilitetar og anlegg for idrett og kulturliv.
- Kommunen skal stimulere til gode samarbeid på tvers av frivillige lag og organisasjonar for å sikre gode og tilgjengelege kulturtilbod i heile den nye kommunen.
- Kommunen skal vere ein aktiv medspelar for å gjennomføre idretts- og kulturarrangement i den nye kommunen.

## **7. Politisk organisering**

Den nye kommunen skal ha sterkt folkevald styring med formannskapsmodellen som styringsform. Kommunestyret skal ha 37 medlemmar. Formannskapet skal ha 9 medlemmar og ha særleg fokus på nærings- og utviklingsarbeid.

## **8. Interkommunalt samarbeid**

Dei tre kommunane har eit omfattande interkommunalt samarbeid i dag. Fellesnemnda vil gå gjennom alt interkommunalt samarbeid dei tre kommunane deltek i, og vurdere avvikling eller vidareføring. For interkommunalt samarbeid som den nye kommunen skal halde fram med, må fellesnemnda gå gjennom vedtekter, prising, kostnadsfordeling m.m.

## **9. Arbeidsgjevarpolitikk**

Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar som rekrutterer godt og held på kompetent arbeidskraft. Vi skal ha ein effektiv, omstillingsdyktig, kompetent og løysingsorientert organisasjon.

Kommunesamanslåing er ei verksemどsoverføring etter arbeidsmiljølova. Vi skal ha høg grad av medverknad frå tillitsvalde under etablering av den nye kommunen. Det vil ikkje bli gjennomførd oppseiningar som følgje av kommunesamanslåinga. Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtalige, vil kommunen søkje å gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand. Fellesnemnda skal inngå ein omstillingsavtale med dei tilsette sine organisasjonar.

Det partsamansette utvalet (PSU, jf. inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- harmoniserer reglementa (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.) i kommunane
- utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette som harmoniserer lønsskilnader over tid.

## **10. Fellesnemnd**

Fellesnemnda skal førebu, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere den nye kommunen. Fellesnemnda vert sett saman slik:

- Balestrand 5 representantar
- Leikanger 5 representantar
- Sogndal 9 representantar

Ordførar i Sogndal Jarle Aarvoll er leiar av fellesnemnda og ordførar i Leikanger Jon Håkon Odd er nestleiar i nemnda. Fellesnemnda kan nemna opp andre fellesorgan for å sikre gjennomføring av samanslåinga. Dei tre kommunestyra vedtek reglement for fellesnemnda.

Sogn og Fjordane revisjon IKS vil vere revisor for fellesnemnda.